



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Høring - NOU 2010:8 Med forskertrang og lekelyst. Innstilling fra utvalget som har sett på pedagogisk tilbud til førskolebarn

Vi viser til brev av 29.oktober 2010. Fylkesmannen i Rogaland har lest utgreiinga med stor interesse og ser dokumentet som eit viktig innspel til den vidare utviklinga av barnehagen, som på få år har gått frå å vere eit tilbod til dei få til å bli ein lovfesta rett for alle.

Det er bede om at ein i høyringssvara tydeleg gjer greie for kva for kapittel og forslag som blir kommenterte. Fylkesmannen i Rogaland har tatt utgangspunkt i kapittel 12 og har innspel til desse punkta;

Punkt 12.4 Tilpassa tilbod og identifisering av barn med spesielle behov.

- **Heimel av rett**

Fylkesmannen i Rogaland har merka seg at utvalet ikkje har drøfta om rett til spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7 bør heimlast i barnehagelova. Betre samordning av regelverket og av rettane for barn under skulepliktig alder tilseier at rett til ekstra tilrettelegging før opplæringspliktig alder bør heimlast i barnehagelova. Dette er i tråd med dei vurderingane som er gjorde av Midtlyngutvalet (NOU 2009:18 kap 14). Elles støttar Fylkesmannen forslaget om systematisk identifisering og oppfølging av barn med særskilde behov.

- **Utarbeiding av ei rettleiing for å kartlegge traume hos barn**

Fylkesmannen støttar forslaget, men meiner det bør utarbeidast ei rettleiing som er tilpassa både barnehage og skule. Ei slik rettleiing kan naturleg høyre med som ein del av kommunane sin beredskapsplan og bør utarbeidast med tanke på alle situasjonar som kan utløyse traume hos barn, og ikkje avgrensast til krigsopplevingar/flyktningsproblematikk.

Punkt 12.5 Personalet i barnehagen

- **Lovfesta krav om barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen**

Fylkesmannen i Rogaland registrerer ein samanheng mellom kommunen sin barnehagefaglege kompetanse og kommunen si forståing og utøving av mynde. Høg fagleg utføring av barnehagemynde er særskilt viktig sett i samanheng med forslaget om strengare kvalitetskrav for sektoren, og Fylkesmannen støttar så vel forslaget om strengare kvalitetskrav som forslaget om eit lovfesta krav om barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen.

- **Auke den pedagogisk bemanninga**

NOU 2010:8 fremjar forslag om auka pedagogisk bemanning, fastsett til 50% av dei tilsette med førskolelærerutdanning eller tilsvarande. Fylkesmannen i Rogaland støtter ønsket om å auke den pedagogiske bemanninga i barnehagane, men vil likevel peike på den store utfordringa det er å dekkje dagens krav til pedagogisk bemanning. Rogaland er med i eit prosjekt Kunnskapsdepartementet har sett i verk for å auke rekrutteringa til yrket. Det trengs ein stor felles innsats på fleire felt for å kunne dekkje den auka etterspørselen som full

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 51568700	e-post:	Telefon:
			postmottak@fmro.no	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 44	Telefaks:	Heimeside:	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	51568811

barnehagedekning har ført med seg, og ein auke i pedagognormen vil naturleg nok forsterke dette. Krav om 50% pedagogbemanning parallelt med innskjerping av høvet til dispensasjon samsvarar dårleg med situasjonen i fleire fylke. Slike endringar kan gi barnehagane problem med å drive i samsvar med lov og regelverk, og gjere det svært vanskeleg for kommunane å sikre retten til plass.

- **Innføring av minimumskrav til formelle kvalifikasjonar hos assistentar i barnehagen**

Fylkesmannen sluttar seg til forslaget om innføring av kvalifikasjonskrav for assistentar i barnehagen, og ser det som eit viktig skritt for å gi barnehagane rammevilkår til å kunne gjennomføre den foreslåtte forsterkinga av nasjonale kvalitetskrav gjennom lov og forskrift.

Punkt 12.6 Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

- **Plikt til samarbeid i regelverk og planverk for både barnehage og grunnsopplæring**

Fylkesmannen i Rogaland ser positivt på betre samanheng mellom barnehagelova og opplæringslova og ei gjensidig forankring av ansvar for overgang barnehage-skule. Pr i dag er barnehagen pålagt å utarbeide ein plan for overgangen frå barnehage til skule, det er naturleg at det ligg føre ei tilsvarende plikt til samarbeid i skulen sitt regelverk.

- **Skulefritidsordninga**

Fylkesmannen saknar fokus på dei utfordringane som er knytte til skulefritidsordninga. Barnehagesektoren har hatt eit sterkt fokus dei seinare åra med høg takt i utbygginga og endra finansieringsmodell. I nokre kommunar kan det synast som om denne satsinga har ført til mindre fokus på SFO-tilbodet. Fylkesmannen i Rogaland ønskjer å peike på behovet for å tenke heilskapleg både i læringsløpet (barnehage/skole) og i kvardagen (skole/SFO).

Punkt 12.7 Styring av sektoren og foreldrebetaling.

- **Strengare nasjonale kvalitetskrav for barnehagane**

Fylkesmannen i Rogaland meiner at regelverket bør vere tydeleg for alle impliserte partar for å sikre god forvaltningspraksis, og såleis redusere behovet for klagebehandling. Kommunane er ulike både når det gjeld storleik, organisering og kompetanse. Sidan barnehagelova har blitt ei rettighetslov og sektoren no er rammefinansiert, støtter Fylkesmannen i Rogaland forslaget om strengare nasjonale kvalitetskrav gjennom lov og forskrift.

- **Kommunane sitt tilsyn med barnehagane skal styrkjast gjennom sterkare nasjonale føringar**

Mange kommunar jobbar godt med tilsyn av barnehagar, mens andre har problem med myndigheitsrolla i høve til eigarrolla. Fylkesmannen meiner sterkare nasjonale føringar som definerer omfang og innhald i kommunane sitt tilsynsansvar vil medverke til å sikre høg kvalitet i sektoren. Fylkesmannen støttar forslaget.

Med helsing

Sølvi Ona Gjul
utdanningsdirektør

Randi Gording
rådgiver

Saksbehandlar: Randi Gording
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 43
E-post: randi.gording@fmro.no